



Fylkesmannen i Hordaland

Postboks 7310

5020 Bergen

Referanser:

Dykkar:

Vår: 14/1235 - 17/9506

Saksbehandlar:

Frøydis Ones

Froydis.Ones@lindas.kommune.no

Dato:

24.03.2017

## Varsel om utvida plangrense - områdeplan Alversund

I samsvar med plan- og bygningslova §12-8, 2. ledd vert det med dette varsla om utvida plangrense for områdeplan for Alversund. Utvidinga omfattar del av gnr/bnr 137/14 og 137/29.

Det vart i 2009 meldt oppstart av planarbeid for området mellom Alversund skule og Alvermarka. I 2010 vart det kunngjort ei utviding av planområdet mot aust. Lindås kommune melder no om utvida plangrense for å tilretteleggje for gangveg frå Alversund bru fram til vegen Nedre Alver. Utvidinga omfattar og eit tilleggsareal for mellom anna å leggje grunnlag for å dele frå to etablerte bustader. Plangrensa i nord vest går difor no til sjø.

Føremålet med planarbeidet har tidlegare mellom anna vore å leggje til rette for aktivitetsområde i nærleiken av Alversund skule slik at eksisterande Alversund skule kunne ha ei framtid som skule. Kommunestyret vedtok i 2015 (sak 40/15) å byggje ny skule i området som i gjeldande kommunedeplan for Knarvik-Alversund er lagt til offentleg føremål. Dette vil og gje litt fleire tema for det vidare planarbeidet då m.a. parkering, tilkomst, og eventuell ny haldeplass for buss må vurderast knytt til ny skule. Innhaldet i dei tidlegare kunngjeringane står elles ved lag.

Meldinga om utvida planområde kan og lesast på braplan (planid. 1263-200902) og kommunen si heimeside. Dei innkomne merknadene til oppstart i 2009, og til planutvidinga av 2010 vil følgje planprosessen vidare, og treng ikkje sendast inn på nytt. Nye merknader til planarbeidet kan sendast til Lindås kommune, planavdelinga, Kvernhusmyrane 20, 5914 Isdalstø, alternativt til [postmottak@lindas.kommune.no](mailto:postmottak@lindas.kommune.no). Frist for å kome med innspel er 19. april 2017.

Med helsing

Frøydis Ones  
avdelingsleiar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

#### Post

postmottak@lindas.kommune.no  
Dokumentsenteret  
Kvernhusmyrane 20, 5914 Isdalstø

#### Kontakt

www.lindas.kommune.no  
Telefon +47 56 37 50 00  
Telefaks +47 56 37 50 01

Konto 3201.05.89311  
Org.nr. 935 084 733

DER DRAUMAR BLIR RØYNDOM



**Mottakrar:**

Alversund grendalag

Alversund grunneigarlag

Alversund helselag

Alversund og Seim bondelag

Bkk Nett AS

Postboks 7050

5020

BERGEN

Fiskeridirektoratet

Fylkesmannen i Hordaland

Postboks 7310

5020

Bergen

Hordaland fylkeskommune

Postboks 7900

5020

BERGEN

Kystverket

Lindås Kyrkjelege Fellesråd

Lonsvegen 1

5914

ISDALSTØ

Lindås og Meland Lensmannskontor

Statens vegvesen

Postboks 8142

0033

OSLO

Dep

Telenor servicesenter for

Postboks 7150

5020

BERGEN

nettutbygging

